**Fra:** Kjelsberg Birgitte M. W. (biwi@nve.no)
**Sendt:** 08.11.2016 09:11:02
**Til:** 'Friis, Anniken'; Modalen kommune; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; 'hordaland@fnf-nett.no'; 'hordaland@naturvernforbundet.no'; 'ann-jorunn-f@hotmail.com'; 'aktiv.i.modalen@gmail.com'; 'BergenTurlag'; 'fmhopostmottak@fylkesmannen.no'
**Kopi:** 'Vangdal Martin'

**Emne:** Avgrensa høyring - Todeilselva kraftverk i Modalen kommune i Hordaland
**Vedlegg:** image001.jpg;200905415-30 161103 Todeilselva endret stasjonsplassering og rørtrase.pdf
1897538_1_1.pdf

NVE har motteke nytt alternativ for Todeilselva kraftverk i Modalen kommune etter synfaringa i veke 41. Difor sender NVE endringsforslaget på avgrensa høyring til høyringspartar som allereie har uttala seg om saka. Endringsforslaget vert ikkje kunngjort av NVE sidan det er ei avgrensa høyring. «Alternativ 1» er hovudalternativet, og «Almabekken» viser kor mykje sideinntaket utgjer av prosjektet. Det opphavelege hovudalternativet er trekt.

Søkjar ynskjer å endre røyrtraseen opp til båe inntaka. Traseen vert trekt bort frå kulturminnevegen og over på austsida av Todeilselva. Røyrtrasé vil i større grad nytta eksisterande vegnett. Kraftstasjonen er flytta frå utløp i Ednabekken til utløp i Todeilselva. Søkjar ynskjer å sleppe minstevassføring lik alminneleg vassføring heile året frå båe inntaka. Tabell og kart syner endringane frå det opphavelege alternativet.

Det nye alternativet er lagt ved i denne eposten. Det vert òg publisert på våre nettstader. Sjå linkane under:

Todeilselva kraftverk

NVE ynskjer i hovudsak at fråsegner kjem elektronisk via www.nve.no/konsesjoner så snart som mogeleg og seinast innan **8.12.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per epost til nve@nve.no eller per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.
Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Med vennleg helsing

**Birgitte M. W. Kjelsberg**
Overingeniør
Seksjon for småkraftverk | Konsesjonsavdelingen
Tlf/mob: 22 95 90 32 / 997 21 907
E-post: biwi@nve.no

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**
Middeltungt. 29, Pb. 5091 Majorstua, 0301 Oslo
Telefon sentralbord: 09575
E-post: nve@nve.no | nettside: www.nve.no

Husk at e-post du sender til NVE kan være et offentlig saksdokument
som andre kan få innsyn i etter offentleglovas regler.